



Runar Myklebust dyrka dette området på Rød for få år sidan

Jordbruket har vind i segla i bygda og fleire dyrkingsprosjekt står for tur oppover i dalen. Eitt av dei har Kjærland Samdrift DA og kommunen har gjeve dei løyve til å dyrka 20 dekar. Søkjaren har mjølkeproduksjon og sauehald og har 15 mjølkekyr, 32 ungdyr og 110 sau og lam. Det er såleis stor trong for grovfor.

Det aktuelle arealet er i dag innmarksbeite med mykje sten i overflata. Det er innhenta uttale etter kultuminnelova og det har vore kultuhistorisk synfaring. Eit vilkår er at det skal takast mest mogeleg omsyn til kultulandskapsverdiane i området.

Lars Haugland har eit prosjekt som også vil auka grovforgrunnlaget med dyrking av 40 dekar i tilknytning til allereie dyrka mark. Området er skogsmark med furuskog og ein kjenner ikkje til at det er fornminne der.

Haugland ønskjer også å utvida eit mindre areal der det meste er dyrka. Landbrukskontoret støttar prosjekta. Det er ikkje trong for nye vegar.

Tekst, foto og NETT: Ola Matti Mathisen